

Tur til Sunnfjord og Ytre Sogn i september 2017

Reiseskildring av **Randi Solheim**

Vi starta frå Oslo fredag 1. sept. kl. åtte. Vi var 15 ferdefolk + bussførar **Hogne Tellnes**. Turen gjekk vestover gjennom Sandvika, over Sollihøgda, opp Hallingdal, over Hemsedalsfjellet, til Lærdal, der vi plukka opp Synnøve Ulvik.



Ferje Fodnes–Mannheller. Vi vart samde om å ta turen om Skei i Jølster, så dei som hadde trong til raspeball/klubb, fekk høve til å stille den trongen. På veg dit stogga vi på Berge og fekk sjå Fjærlandsfjorden. Fredags kvelden var det stor middag og overnatting i Førde. Første dagen skifte frå skodde i Oslo, sol i Sandvika, skiftande, ikkje regn. 2. dagen var det Sandetunet i Dale og Eivindvik med Gulatinget og Tusenårsstaden i Sogn og Fjordane som stod for tur.

Turen til Fjaler gjekk på tronge vegar mellom høge fjell. I Dale vart vi møtt av ein kjenning for fleire, tidlegare medlem i ringen, **Knut David Hustveit**. Han viste oss rundt og fortalde om Jakob Sande sin oppvekst i Klokkargarden i Dale. Vi vart vist inn i Bestefarstaua, det vesle huset der Jakob vanka i sine første år. Slipesteinen stod der – «mot sør i sola ved eldhusveggen» der han fekk lære «kva livsens alvor i røynda er». Ei fin oppleving å ha fått med seg.



Deretter bar det vidare på tronge vegar inn og ut fjordarmar til Rysjedalsvika, med ferje over til Rutledal, og ein kort køyretur før vi var i Eivindvik. Gulating hotell venta med lunsj før vi vart henta av guiden som skulle visa oss Gulatinget og Tusenårsstaden. Ei entusiastisk «innvandra» dame frå Elverum, **Ingrid Hellwege Haveland**, gardkjering og seksbarnsmor, fortalde på ein levande og inspirerande måte og med eit lite einmannsskodespel, kan vi seie, m.a. om presten N. A. Dahl. Sola stråla over oss frå ein blå himmel – som spegla seg i fjord og vatn vi køyrde forbi.



Neste dag skein sola like fint – og no var det det ytste og vestlegaste punktet på turen – og Noreg – som skulle vitjast. Må seie eg hadde ikkje venta eit så variert landskap, strekningar med skog og frodig elles, andre stader holmar og skjer – med og utan vegetasjon. Og så etter ein båttur på blåblank sjø å få sjå UTVÆR FYR – som for min del må seiast å vere symbolet på min og nokre hundre slektningar sin eksistens, Grunngitt med at min morfar var med å byggje dette fyrtårnet sommaren 1900; på Utvær voks mi mormor opp, og dei møtte kvarandre der.



Båtførar og omvisar var **Hans Gåsvær**, han fortalde om livet her ytst mot havet, der stormane tok mange liv. På båtturen stogga vi her og der så vi fekk fortalt om korleis folk hadde innretta seg her ut i havgapet både før og no.

Til og frå Utvær såg vi villsau beitande på holmar og øyar, og vi såg eit par havørner...

Vi hadde tinga lunsj på Hardbakke, men sidan det var venta uvanleg stor biltrafikk og ferjekø (ferja har ikkje kvartersruter her ute), måtte vi nå denne ferja attende.

Heldigvis var Skafferiet, der vi hadde tinga fiskesuppe – villige til å byte ut den med blingsar med fiskekaker. Dette vart fortært på ferjekaia på Krakhella.

Vi kom oss på ferja og køyrde til Dragsvik – til ein særdeles god, sein middag. Turen inn og ut av fjordar med ein solnedgangstrålende himmel vart flott etter ein slik einestående dag.

På måndagen stod siste etappe att. Ferje frå Dragsvik til Vangsnes, der vi vitja statuen av Fridtjof den frøkne, og gjorde ære på han med å få framført eit lite improvisert teaterspel fortalt av **Jens Brekke**. Vegen vidare om Voss, Hardangerbrua, stogg i Eidfjord for ein bite mat. Måbødalen og Vøringsfossen var eit mektig syn, så Hardangervidda med snauffjell og vidder. Til lenger aust vi kom, til gråare vart det, siste biten vart det vått.



Men alle var samde om at det hadde vore ein strålende tur i eit varierande landskap desse fire dagane.

Takk for turen!